

Grønt lys for Eikelandet-prosjektet

16.04.2007



Firkanta byggeklossar, meiner ein nabo. Arkitekt Ove Grung i Bergen har teikna bustadene på Eikelandet.

Rådmannen rår til at forvaltningskomiteen onsdag skal gje rammeløyve for bustadprosjektet på Eikelandet. Uskedalen Eiendomsutvikling AS står bak det, som vil omfatta åtte like husvære teikna av arkitekt Ove Grung på Nesttun.

Bygningane er frittståande men samtidig lenka saman med overbygd inngong for to og seks eininger. Husa er på tre plan og har ei grunnflate på 41 kvadratmeter. Dei har balkong mot sjøen og altan mot riksvegen og gesims- og mønehøgda er 8,4 meter. Taket er flatt og har ei breidde på 5,5 meter og ei flate på 44 kvadratmeter. I kommuneplanen frå 2003 er dette arealet, der trelastlageret var før, godkjent som bustadområde.

Naboen Oddborg Lovise Myklebust har sendt ein merknad til prosjektet, Ho skriv at bustadene er altfor høge, 3,5 meter over riksvegnivå, og fører til at ho misser nesten all sjøutsikt mot Skorpo og Holmen. Ho meiner også at dei firkanta byggeklossane blir eit lite vakkert skue.

To høgder kan ho gå med på, men legg til:

- Det må da være mulig å bygge noe som er litt penere også, noe som passer inn med omgivelsene.

Til dette svarar arkitekten at topp høgde på bustadene vil liggja på kote 10.15 meter over havet. Når avstanden til dei på det nærmaste vil vera 40 meter meiner arkitekten at forringelsen av utsikt vil vera minimal.

Han skriv vidare at tema som estetikk og arkitektur ofte er basert på ein subjektiv vurdering og dermed er vanskeleg å argumentera for eller i mot. Som ansvarleg søker og prosjekterande arkitekt finn ikkje Ove Grung grunnlag for å endra på tiltaket på bakgrunn av den innkomne merknaden og han opprettheld difor søknaden.

Statens vegvesen har gjeve dispensasjon og tilslagn om ny avkjørsle.

Sakshandsamar Jon Harald Kjærland i kommunen skriv om estetikken at bygningane er plassert einskildvis og ikkje samanbygd og har god variasjon mellom tre og murkonstruksjon. Dette får prosjektet til å verka elastisk utan tungt blokk-uttrykk. Kai/bryggefronten har ein variabel front som framhevar kombinasjonen av fellesareal og privat sone. Parkering/trafikkareal er lagt som ein buffer mot riksvegen og er ikkje synleg frå sjásida. Prosjektet er maritimt og gjev ein gjennomført heilskap i en moderne arkitekturstil.

Administrasjonen kan ikkje sjå at tiltaket er til vesentleg ulempe for nabo slik det er plassert 40 meter unna og til venstre (nordvest) for bustaden til Oddborg Lovise Myklebust.

Av Ola Matti Mathisen